ALVER
KOMMUNE

Ove Georg Hvidsten
Kvamsvegen 62
5911 Alversund

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Roger Fanavoll Fjellsbø | 22.07.2022 |
| Vår: 22/3195 - 22/57606 | roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no | |

# Ber om tilbakemelding på mogleg ulovleg jordtipp på eigedomen din - gbnr 143/1 Håland

**Tiltak:** Mogleg ulovleg jordtipp
**Byggjestad:** Gbnr 143/1 Håland
**Tiltakshavar:**
**Ansvarleg søkjar:**

**Saka gjeld**
Kommunen har mottatt fleire bekymringsmeldingar angåande tiltak på din eigedom med GBNR. 143/1. Det vert meldt om:

- Etablering av jordtipp
- Stor auke i trafikk av lastebilar som transporterer massar til din eigedom
- Tilkøyrde massar som ikkje berre er stein og jord
- Postkasser som er satt opp med skilting for fulle og tomme tipplister

**Arbeidet kan vere søknadspliktig**
Vi gjer merksam på at etablering av jordtipp er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova. Etter å ha gått igjennom vårt saksarkiv, kan vi ikkje sjå at det ligg føre eit gyldig løyve til etablering av jordtipp.

Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som pågår på din eigedom.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tiltaket.

**Kva må utgreiinga innehalde?**
Dersom det er etablert ein jordtipp, må du greie ut om følgande forhold:

- Når jordtippen vart etablert.
- Kva type massar du mottek og kor dei kjem frå.
- Kart som viser kor jordtippen er etablert.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Løyve til etablering av jordtipp.

Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

**Frist for utgreiing er 15.08.2022.**

**Anvendt regelverk**
Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3195

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**
Ove Georg Hvidsten